



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Meline Heimdal Haugland	<b>Arkivkode:</b> FE-223, FA-C00
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/783	<b>Løpenr:</b> 18/7376
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	25.10.2018	052/2018
Kommunestyret	08.11.2018	041/2018

## Søknad om underskotsgaranti for dagsfestivalen Samningakraft

### 08.11.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordførar orienterte innleiingsvis om at det står feil årstal i saksframlegget og i framlegg til vedtak. Administrasjonen retter opp i dette.

Brigt Olav Gåsdal (A) bad om eit gruppemøte.

Etter gruppemøte sette Øyvind Strømmen (MDG) fram utsettingsforslag på vegne av Arbeidarpartiet, Høgre, Kristeleg folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne og Jon Magne Bogevik (uavhengig).

Rådmannen og leiar for kulturkontoret orienterte om kva krav kommunen ville stilla i ein eventuell avtale med arrangøren.

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Øyvind Strømmen (MDG) utsettjingsforslaget og sette fram følgjande framlegg til vedtak på vegne av Ap, Høgre, KrF, MDG + uavhengig (Bogevik):

*Tillegg til formannskapet sitt framlegg:*

*Før garanti kan gjevast må følgjande på plass:*

- Arrangøren må ha eit registrert organisasjonsnummer
  - Arrangøren må leggja fram eit fullstendig budsjett
  - Administrasjonen må syta for at det er tilbakestillingsgaranti i utleigekontrakt
- (Datoar i formannskapet sitt framlegg må i tillegg rettast)*

Det vart røysta i to runder i denne saka. Først vart det røysta om tillegga (lagt fram av Strømmen) skulle leggjast til formannskapet sitt framlegg eller ikkje.

Det vart samrøystes vedtek at desse tillegga skulle takast med i andre røysterunde i saka.

Deretter vart det røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak inkludert tillegga frå A, H, KrF, MDG og Jon Magne Bogevik (uavh.).

Resultatet av røystinga vert som følgjer:

For framlegget frå FO inkl. tillegg	Imot framlegg frå FO inkl. tillegg
Bright Olav Gåsdaal (A)	Nils Aadland (A)
Vidar Tveiterås (A)	Kristian Jørgensen (KrF)
Roger Gjerde Urås (A)	Jon Magne Bogevik (uavh.)
Harald Boge (A)	Øyvind Røen (Sp)
Øyvind Strømmen (MDG)	Monica Tjønnå (Sp)
Inge Aasgaard (KrF)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Karl B. Kollbotn (Frp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth G. Markhus	
Bjarte Linga (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
<b>Totalt: 16 røyster for</b>	<b>Totalt: 5 røyster imot</b>

Framlegget frå formannskapet inkl. tillegga frå A, H, KrF, MDG og Jon Magne Bogevik (uavh.) vart vedteke med 16 mot 5 røyster.

#### **KS- 041/2018 Vedtak:**

Prosjektet Samningakraft vert gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18 med følgjande forbehold:

- Garantien gjelder utgifter til honorar for artistar.
- Inntekter ved billettsal er minimum kr 500 000 innan 25.03.18.
- Innan 01.04.18 avgjer administrasjonen om garantien trer i kraft. Saman med dokumentasjon på billettinntekter skal det óg leggjast ved oppdatert plan for gjennomføring som innheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reihald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Utbetaling av underskotsgaranti skjer ved framvising av sluttrekneskap.
- Garantien vert lagt inn i budsjettet for 2019. Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

#### **25.10.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Leiar kultur, Meline Heimdal Haugland, orienterte om at punktet i vedtaksframlegg om at konserten vert avslutta kl. 00.30 kan takast vekk. Politiet vil ha høve til å gje løyve til at konserten eventuelt kan avsluttast seinare enn kl. 00.30.

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Punktet om at konserten vert avslutta kl. 00.30, vert fjerna."

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at midlane til underskotsgarantien vert foreslått løyvd frå disposisjonsfondet.

Det vart under formannskapet si handsaming avklart at saka skal vidare til handsaming i kommunestyret 08.11.2018.

Det vart til slutt gjennomført røysting over rådmannen sitt framlegg, med følgjande justeringar/tillegg:

- Punktet om at konserten vert avslutta kl. 00.30, vert fjerna.
- Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Det justerte framlegget vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Inge Aasgaard (Krf)	Odd Arne Haga (Frp)
Arild Røen (H)	
Olaug Øystese (A)	
Øyvind Strømmen (Mdg)	

#### **FORM- 052/2018 Vedtak:**

Prosjektet Samningakraft vert gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18 med følgjande forbehold:

- Garantien gjelder utgifter til honorar for artistar.
- Inntekter ved billettsal er minimum kr 500 000 innan 25.03.18.
- Innan 01.04.18 avgjer administrasjonen om garantien trer i kraft. Saman med dokumentasjon på billettinntekter skal det óg leggjast ved oppdatert plan for gjennomføring som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reihald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Utbetaling av underskotsgaranti skjer ved framvising av sluttrekneskap.
- Garantien vert lagt inn i budsjettet for 2019. Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Samningakraft vert gitt garanti på inntil kr 200 000 til dagsfestival på Bjørkheim 01.06.18 med følgjande forbehold:

- Garantien gjelder utgifter til honorar for artistar.
- Inntekter ved billettsal er minimum kr 500 000 innan 25.03.18.
- Innan 01.04.18 avgjer administrasjonen om garantien trer i kraft. Saman med dokumentasjon på billettinntekter skal det óg leggjast ved oppdatert plan for gjennomføring som inneheldt punkta: infrastruktur, skilting, sikkerhet, støy, reihald og hygiene, servering, sjenkebevilling, bruk av frivillige, sponsorar, stadfesting av artistar samt tillatelse frå grunneigarar og politiet og melding til brannvesenet og mattilsynet.
- Utbetaling av underskotsgaranti skjer ved framvising av sluttrekneskap.
- Konserten vert avslutta kl 00.30.
- Garantien vert lagt inn i budsjettet for 2019.

**Dokument som er vedlagt:**

SAMNINGAKRAFT presentasjon

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Kommuneplan for Samnanger kommune 2007-2017  
Kulturplan for Samnanger kommune 2009-2013 (2020)  
Plan for folkehelse i Samnanger kommune 2012-2020  
Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

**Kva saka gjeld:**

Knut Høibraaten og Daniel Kvamme søker Samnanger kommune om inntil kr 200 000 i underskotsgaranti for dagsfestivalen Samningakraft som er lagt til Samningaveko laurdag 01.06.2018.

**Oppsummering frå søknaden:**

Høibraaten og Kvamme har laga ein presentasjon som fortel korleis dei planlegg å gjennomføra prosjektet. Dei ønskjer å få til ein stor utandørs konsert i parken på Bjørkheim. Det vil vera ein dagsfestival med fire artister. Målsetninga med prosjektet er at det skal bli eit samlande arrangement for innbyggjarane i Samnanger, og at det skal treffa så mange som mogleg. Dei antar at det er mogleg å kunna selga 1000-2000 billetter dette arrangementet. Høibraaten og Kvamme ønskjer at dette skal verta ein årleg festival og ser dette første året som eit «test-år». Dagsfestivalen vert lagt 01.06.18 som er den første laurdagen i Samningaveko.

For å få gjennomført prosjektet søker dei kommunen om ein garanti på kr 200 000, med forbehold: «Dersom billettsalget er for dårlig i forkant av arrangementet, kan kommunens administrasjon ta en avgjørelse om å trekke garantien, og dermed kansellere inngåtte avtaler og i praksis avlyse arrangementet». Dette må skje seinast 8 veker før arrangementsdato 01.06.18, som vil sei at arrangementet må avlysast seinast 01.04.18. Om kommunen velger å godkjenna garantien etter 01.04.18 vil kommunen ved underskot kun vera pliktig å dekkja inntil kr 200.000.

**Budsjett i grove trekk:**

Utgifter		Inntekter	
Artistar	Kr 330 000	Billettsal vaksen 1100 pers. á kr 600	Kr 660 000
Scene/lyd/lys	Kr 220 000	Billettsal ungdom 100 pers. á kr 500	Kr 50 000
Sikkerhet	Kr 150 000	Kjøp på området ca	Kr 100 000
Totale utgifter ca	Kr 700 000	Estimerte inntekter	Kr 810 000

**Vurderingar og konsekvensar:**

Det er positivt at Høibraaten og Kvamme tek initiativ til å arrangera dagsfestivalen Samningakraft i Samnanger kommune i samband med Samningaveko. Tiltaket stettar fleire mål og delmål i både Kommuneplan, Kulturturplan og Plan for folkehelse, samt retningslinjer for tildeling av kulturmidlar. Det er óg eit ønskje at arrangement i Samningaveko vert initiert og gjennomført av innbyggjarar.

Store konsertar som dagsfestivalen Samningakraft krev god planlegging. I presentasjonen informerar arrangørane blant anna om planane for markedsføring, bruk av frivillige, infrastruktur, sikkerhet, servering, reinhald og hygiene og økonomi. Arrangørane må óg syte for å skaffa tillatelse frå politiet og grunneigarar, samt melde frå til brannvesenet og mattilsynet. Det er ikkje gjort ei vurdering av støy i presentasjonen. Siste artist startar kl 00.30 og dørene vert stengt kl 02.30. Større festivalar som Bergensfest er plassert i umiddelbar nærleik til bustadområder, men konsertane avsluttar normalt innan kl 00.00.

Sjølv om kommunen gjer ein garanti på kr 200 000,- til prosjektet på noverande tidspunkt vil garantien likevel ikkje tre i kraft før endeleg avgjersle etter at ein veit kor mange billetter som er solgt innan 01.04.18. Politisk møtekalender for 2019 er ikkje klar enno, men Formannskapet sitt siste møte før 1. april brukar vera i februar. Om Formannskapet godkjenner søknaden bør det vurderast å delegera endeleg avgjersle innan 01.04.18 til administrativt nivå. Månadane februar og mars vil vera verdifulle månader med tanke på å få mest mogleg billetter solgt.

Om søknaden vert vedtatt på noverande tidspunkt vil ein konsekvens ved å *ikkje* godkjenna garantien innan 01.04.18 vera at det truleg ikkje blir andre store konsertar i Samningaveko 2019. Større konsertar krev tid til planlegging, organisering og marknedsføring og to månader er knapp tid.